



LESEOPPDRAG

Les utdraget frå rammeplanen. Tenk over følgande utsegn: «Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdjar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.»

Kva for nokre a) verdjar, b) haldningar og c) praksisar meiner du det dreiar seg om?

Berekraftig utvikling i rammeplanen 2017

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdjar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen. For samiske barn betyr dette å leve i samklang med, nyttiggjere seg av og hauste av naturen.

Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen. For samiske barn betyr dette å leve i samklang med, nyttiggjere seg av og hauste av naturen.

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.

Referanse

Kunnskapsdepartementet, 2017: Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgåver, Oslo